

Hol kommune
Ålmannvegen 8
3576 Hol

Uttale til revisjon av samfunnsdelen av kommuneplanen for Hol.

Gjennom alle tider har utmarka, med skog, fjell og vatn vore livsgrunnlaget i Hol sine fjellbygder. Fornybare og evigvarande ressursar, - dersom me greier å forvalte dei på ein berekraftig måte.

Som grunneigarlag er me kritiske til nedbygginga og forbruket av stadig meir urørt natur. Hyttefelta med infrastruktur legg beslag på store areal som for all framtid er tapt som naturressurs. I tillegg fører turismen med seg stor trafikk og slitasje på naturen i områda rundt. I enkelte utfartsområder har turismen vorte ein trussel mot både natur, miljø og kultur. Jakt inntil hytteområda og i trafikkerte turområder er i dag vorte håplaust og verdilaust.

«Hol kommune skal ha en forsiktig og bærekraftig vekst i hytteutviklingen» er eit av hovudmåla i gjeldande samfunnsdel , pkt. 4.4.

Statistikk frå SSB (ut frå matrikkelen) syner at i Hol kommune har det auka med heile 1225 hytter frå 1998 til og med 2016. Av dette 89 i 2016.

I tillegg veit me at det er godkjent eit stort tal med hytter og ferieleiligheiter som enno ikkje er bygd ut.

Er dette forsiktig og bærekraftig ? Sanninga er nok heller at me snart sit att som husmenn på eigen grunn.

No er det på høg tid at kommunen dreg på bremsene for å stoppe dette kortsiktige og profitt-drivne salget av våre egne areal.

Overnattingsbedrifter med varme senger derimot, gir arbeidsplassar og forbrukar mindre areal. Turistbedriftene er stort sett herrar i eige hus, og kan endre opplegg og driftsform ut frå endringar i marknaden. I tillegg kan slik verksemd lettare styre persontrafikken bort frå privatbilisme og over på kollektive løysingar.

Eit godt råd i næringslivet er å bli betre i staden for å bli større. - Kvalitetsturisme i staden for masseturisme.

Turismen har i lange tider vore høgste prioritet i Hol, medan andre næringar har visna bort og turka inn. Det er på tide å tenkja beredsskap mot konjunktursvingningar og **prioritere eit breiare næringsgrunnlag.** Det fins heldigvis enno bedrifter som produserer realverdiar, men dei aller fleste er på ein eller annan måte innvevd i turismen.

Landbruk i fjellbygdene er ,som turismen, også ei arealkrevjande næring, der beitet er vår lokale ressurs. Brukt som beite for både tamme og ville dyr er dette fornybare og evigvarande ressursar. **Me ser stadig nye tilfeller der hytteutbyggingar overkøyrer både beiterettar og viltet sine behov for leveområder.**

Landbruk er ei desentralisert næring som krev levedyktige lokalsamfunn utanom

sentrumsområda.

Det er også viktig for tilvekst av **både ungar og vaksne at dei kan velja å bu i trygge og oversiktlege lokalsamfunn utanfor turistsirkuset.**

Det er mest flautt å sjå kor lite som er tilrettelagt for fast busetnad dei siste 20 åra, i motsetnad til hundrevis av nye fritidsbustader.

Kommunale gebyr og byråkrati for det som har med planar og bygging å gjera, er vel stort sett likt uansett kva bygningane skal brukast til ?

Hytteutbyggingane er økonomisk sjølgåande fordi det ligg store pengar og overskot i dette. Slik er det slett ikkje for fast busetnad !

Kommunen er eit felles organ for innbyggerane til å løyse felles oppgåver til alles beste. Som faste innbyggerar burde me ha høgare prioritet og få meir hjelp enn folk utanfrå som kun er ute etter å skaffe seg plass i ein feriekoloni, og med det som utgangspunkt å kunne nytte seg av våre frie naturområder.

Denne uttala er samrøystes godkjent av årsmøtet i Sør-Skurdalen grunneigarlag den 28. februar 2018.